

Naboar og
Høyringsinstansar

30.06.2022

Varsel om oppstart av planarbeid DETALJREGULERING FOR VARDEN, GBNR 41/466 M. FL. – VALEN

I samsvar med plan- og bygningslova §12-8 vert det med dette varsla at Akons AS set i gang arbeid med detaljregulering for del av Gnr./Bnr. 41 / 466 m. fl. – VALEN i Øygarden kommune. Planid. 20220006. Tiltakshavar er THH AS.

Bakgrunn for planarbeid er førespurnad om regulering vedteke i Utval for plan (UFP) 15.10.2020 - saksnr. 063/20. Oppstartsmøte for planen var 02.07.2020. Ein har venta med varsel om oppstart av plan av omsyn til Statens Vegvesen sit arbeide med nytt Sotrasamband.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for næringsbygg på om lag 30.000 m². Viktigaste verksemda vil være senter for logistikk og framtidsetta teknologi. Syner til planprogrammet for nærmare opplysningar.

Varslingsområdet er om lag 76 dekar. I varsla område inngår og eit mindre sjøområde og sideareal til Sotrasambandet. Planområdet kan bli mindre enn varslingsområdet. Ein legg opp til byggestart straks ny Sotrabru er ferdig bygd i 2027.

Område er i dag i hovudsak avsett til LNF og samferdsselføremål i Kommuneplanen sin arealdel. Delar av planområdet overlappar med områdeplan for Sotrasambandet, men er ikkje i konflikt med denne planen.

Tiltaket skal konsekvensutgreiast i samsvar med forskriftas §6, punkt 24 ettersom det er et næringsbygg med et bruksareal på meir enn 15.000 m². Det er utarbeidd framlegg til planprogram som er vedlagt.

Spørsmål og innspel til planarbeidet kan sendast til:

Akons AS, pb. 21, 5207 Søfteland, eller som e-post til: even@akons.no

Ein kan koma med innspel og merknader både til varsla planoppstart (Planområdet) og til framlegg til utgreiingstema (Krav til kunnskap) i planprogrammet.

Varseldokumenta er og å finne på akons.no og Øygarden kommune si heimeside www.oygarden.kommune.no/tjenester/plan-bygg-og-eigedom/kunngjeringar-og-hoyringar/

FRIST FOR MERKNADER ER: 01.09.2022

Alle innspel og merknader vil følge planforslaget når det leverast til kommunen. Etter at merknadsfristen er ute vil sjølvje planforslaget bli utarbeida, for deretter å bli sendt til Øygarden kommune for sakshandsaming.

Etter første gangs handsaming i kommunen blir planframlegget lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då bli anledning til å koma med merknader og innspel til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Med venleg helsing



Even Akerø, Dagleg leiar Akons AS

Vedlagt kart over planområde og framlegg til planprogram